

---

## Rekneskap for 2015 og overføring til 2016

---

### Bakgrunn

Fakultetet overfører 9,6 mill.kr til 2016. Dette utgjør 1,6 % av grunntildelinga til fakultetet, og er 6,3 mill.kr lågare enn overføringa frå 2014. Samtidig overfører vi til 2016 forpliktingar knytt til eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, utstyrsinvesteringar og andre øyremerka tiltak som langt overgår overføringa.

BOA-aktiviteten ved fakultetet har i 2015 vore på ca. 370 millionar kroner, med innbetalingar på ca. 348 millionar kroner. Overføringane på BOA er dermed reduserte med i overkant av 21 millionar kroner til ca. 68 millionar kroner.

### Fakultetsdirektørens kommentar

Den økonomiske situasjonen ved fakultetet er prega av at det tek tid å tilpasse seg ein situasjon der ein stadig større del av inntektene (både GB og BOA) vert konkurranseutsett, samt at det dei siste åra har vore store svingingar (grunna EU-innbetalingar) i resultatutsette inntekter.

Etter fleire år med rammekutt har både fakultetsnivået og fleire av institutta hatt stramme budsjett i 2015. Fakultetsleiinga har hatt fokus på å tilpasse aktivitetsnivået til inntektene, men erkjenner at ei slik omstilling tek tid. Dette er bakgrunnen for at det i 2014 vart bygd opp eit underskot på fakultetsnivået, for å spreie effekten av resultatnedgangen i 2014 over fleire år. I tillegg til ubalanse i overføringar mellom fakultetsnivået og institutta, er det ubalanse i overføringane mellom institutta.

Fakultetet har fokus på å betre økonomistyringa og har mellom anna satt i gang ein prosess for å oppnå ein berekraftig fakultetsøkonomi med langsiktig perspektiv. I 2015 har vi hatt tettare dialog og leiarfokus knytt til økonomi ved at dekan, fakultetsdirektør og økonomileiar har hatt egne økonomimøter (i tillegg til dei ordinære dialogmøta) med alle institutta. Desse møta vil bli gjennomført i 2016 òg. Samtidig jobbar vi med å betre verktøya vi har for økonomistyring, og vi ynskjer å heve leiarkompetansen på dette området. Vi opplever det har vore god kontroll på utvikling av prognose og faktisk resultat med ei overføring til 2016 på 9,6 mill.kr.

Frå år til år overfører fakultetet forpliktingar som er vesentleg høgare enn sjølve overføringane, der dei største forpliktingane er knytt til BOA i form av eigenandelar og toppfinansiering. Fakultetet er heilt avhengig av å oppretthalde eller auke nivået på BOA, samt eigenandelar og toppfinansiering frå UiB.

Fakultetet har difor stort fokus på å auke inntekter frå BOA, og har i 2015 tydeleggjort sine bidrag inn mot ulike prosjekt for å auke insentiveffekten.

## Forslag til vedtak

Fakultetsstyret vedtok samla fakultetsdirektøren sitt forslag om å:

1. Godkjenne rekneskapen for 2015
2. Overføre over- og underskot frå 2015 til institutta og avdelingane i samsvar med følgjande tabell, under føresetnad om at universitetsstyret ikkje avkortar fakultetet si overføring:

Avdeling	Overføring frå 2015 til 2016
1200 MN-felles, inkl. fak.adm. og NIFES	4 550
1211 Matematisk institutt	-530
1212 Institutt for informatikk inkl. CBU	-9 973
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-8 384
1231 Kjemisk institutt inkl CIPR-UiB	2 940
1232 Molekylærbiologisk institutt	3 216
1244 Geofysisk institutt inkl. Bjerknes-UiB	532
1250 Institutt for geovitenskap	-1 124
1260 Institutt for biologi	-3 854
1280 Senter for geobiologi	2 610
1290 Senter for klimadynamikk	458
	<b>-9 559</b>

*Inntekt med minus framfor beløpet*

Bergen, 29. januar 2016

Elisabeth Müller Lysebo  
fakultetsdirektør


Vedlegg: Økonomirapport for 2015 - Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

# Økonomirapport for 2015


## Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

### 1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA 2010-2015




Figur 2 Utvikling BOA 2010-2015



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet i perioden 2010-2015, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 4,9 % per år i perioden 2010-2015, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg auka på 2,9 % i same periode. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet var i 2015 høgare enn noko år tidlegare i perioden, mykje pga. innkjøp av nasjonal infrastruktur og auke i EU-aktivitet.

I 2015 kom 37,5 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 38,1 % i 2014.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnadar GB og BOA per institutt i 2015



Figur 3 viser korleis kostnadane fordelte seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta var hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for geovitenskap var 50 %, eller meir, av aktiviteten finansiert av BOA. Ved Geofysisk institutt var litt under halvparten av aktiviteten finansiert av BOA.

## 2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) i 2015 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Årsbudsjett 2015	Rekneskap 2015	Avvik 2015	Avvik %	Rekneskap 2014	Endring frå 2014
Inntekter frå KD	-599 307	-599 379	71	0,0 %	-560 909	6,9 %
Andre inntekter	-14 000	-17 450	3 450	24,6 %	-17 774	-1,8 %
<b>Inntekter</b>	<b>-613 307</b>	<b>-616 829</b>	<b>3 522</b>	<b>0,6 %</b>	<b>-578 683</b>	<b>6,6 %</b>
Investeringar	25 482	14 369	11 113	43,6 %	13 048	10,1 %
Lønskostnadar	467 086	462 678	4 408	0,9 %	443 266	4,4 %
Andre driftskostnadar	86 420	106 526	-20 105	-23,3 %	98 581	8,1 %
Internhandel med meir	50 140	39 521	10 619	21,2 %	36 088	9,5 %
<b>Kostnadar</b>	<b>629 128</b>	<b>623 094</b>	<b>6 034</b>	<b>1,0 %</b>	<b>590 983</b>	<b>5,4 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>15 821</b>	<b>6 265</b>	<b>9 556</b>		<b>12 300</b>	
Saldo overført frå forrige år	-15 821	-15 821	0		-28 174	
Saldo overført til neste periode	0	9 556	-9 556		15 874	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

I 2015 er det positivt avvik på ca. 3,5 mill.kr på inntektene. Dette grunna høgare instituttinntekter, særskilt på Institutt for geovitenskap og Institutt for biologi, enn budsjettert. Instituttinntektene var i 2015 ca. på nivå med instituttinntektene for 2014. Det er ikkje avvik på inntektene frå KD.

Samla er det eit positivt kostnadsavvik på ca. 6 mill.kr, men mellom artklassane er det rimeleg store avvik.


Avviket på investeringar skuldast i all hovudsak at innkjøp av «liten» NMR til 8,9 mill.kr ikkje vert rekneskapsført som investering i grunntildelinga, då den er ført som eigenandel i BOA. Denne er synleg i grunntildelinga som eigenandel BOA på artklasse for internhandel.

Lønsavviket skuldast at det har vore tilsett færre stipendiatar og postdoktorar enn budsjettert, samt at det har vore høgare refusjonar enn budsjettert på desse prosjekta. Vi har likevel hatt tilsett så mange rekrutteringsstillingar at vi har nådd det samla målalet. Samtidig ser vi positive avvik på faste lønskostnadar og tilsvarende negative avvik på variabel løn som vikarar, bedømming, andre godtgjersle etc.

Det negative avviket på ca. 20 mill.kr på andre driftskostnadar skuldast delvis feil i budsjettert til Institutt for geovitenskap, og må sjåast mot positivt avvik på internhandel, og delvis at fleire av institutta har budsjettert med for låge driftskostnadar og samtidig for låge netto inntekter frå BOA i artsklasse for internhandel. Dette har ført til negativt avvik på driftskostnadar og positivt avvik på internhandel. Samla har institutta hatt ca. 14,5 mill.kr høgare inntekter frå overhead, frikjøp og leigestadar i BOA enn det er budsjettert med. Fleire institutt har budsjettert med lågare netto overhead i 2015 enn rekneskap for 2014.


Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnadar på GB per måned for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser var det noko avvik mellom budsjett og rekneskap, og noko større svingingar i rekneskapen enn i budsjettet, men rekneskapen følgde i relativt stor grad same mønster som budsjettet.

Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2015 (tal i 1000 kr)



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk i 2015 samanlikna med årets tildeling per institutt. Som figuren viser hadde somme av institutta lediggang i rekrutteringsstillingar, medan andre hadde fleire årsverk enn dei fekk inntekter for. Fakultetet fekk i 2015 tildeling til 148,3 stipendiatårsverk og 26 postdoktorårsverk, og har samla sett hatt tilsett 147,2 stipendiatårsverk og 36,0 postdoktorårsverk. Sidan fakultetet frå 2015 har samla måltal for rekrutteringsstillingar (174,3 årsverk), var det ingen inntektsreduksjon som følgje av lediggang i rekrutteringsstillingar i 2015, til tross for at det har vore tilsett færre stipendiatårsverk enn tildelt.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk og tildeling 2015



Avskrivningane er det rekneskapsmessige verdifallet på UiB sine eigedelar, og over tid bør UiB som eit minimum oppretthalde verdien på utstyrsparken. I 2015 var avskrivningane ca. 43 mill.kr, medan investeringane var ca. 54 mill.kr. Det vil seie at fakultetet sin utstyrsпарк har auka i verdi med 11 mill.kr i løpet av 2015. Størsteparten av investeringane, ca. 40 mill.kr, har skjedd i BOA, hovudsakeleg ROV og Earthlab ved Institutt for geovitenskap (33 mill.kr) og NMR ved Kjemisk institutt (5 mill.kr).

## 2.1 Overføring av midlar til 2016

Den økonomiske situasjonen ved fakultetet har dei siste åra vore prega av store svingingar i resultatutsette inntekter og rammekutt. På starten av året var fakultetet usikker på kor greitt institutta samla ville klare å tilpasse seg rammekutta vi vidareførte, og ut frå dei første tilbakemeldingane frå institutta såg vi at budsjettet kom til å bli stramt. Ut frå erfaring om at det ofte oppstår uføresette forseinkingar etc. venta vi likevel at fakultetet samla sett kom til å gå i balanse. Utover året vart det klart at fleire institutt hadde underbudsjettet inntekter frå BOA (overhead, frikjøp, leigestad) og vi justerte prognosen opp til 5 mill.kr i samband med rapportering pr. juli. Prognosen vart så justert til ei overføring på 10 mill.kr i samband med rapport pr. november, då i hovudsak grunna tildeling av toppfinansiering på ERC-prosjektet Ice2Ice på Institutt for geovitenskap, samt fordi vi fekk melding om at stipendiat- og postdoktorprosjekta ville bli inntektsført samla frå 2015.

Tabell 2 viser det totale overføringsbehovet ved fakultetet fordelt etter institutt, og i vedlegg vert overføringane spesifisert etter prosjekt. Som tabellen viser er det til dels store variasjonar i institutta sine akkumulerte overføringsbehov. Overskot er vist med minus framfor beløpet.

Tabell 2 Totalt overføringsbehov til 2016 (tal i 1000 kr)

Avdeling	Resultat 2015	Justeringer*	Overføring til 2016
1200 MN-felles	4 568	-18	4 550
1201 Fakultetsadministrasjon	39	-39	0
1211 Matematisk institutt	-530		-530
1212 Institutt for informatikk	-5 774		-5 774
121212 CBU	-4 199		-4 199
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-8 384		-8 384
1231 Kjemisk institutt	3 125		3 125
123130 CIPR-UiB	-185		-185
1232 Molekylærbiologisk institutt	3 216		3 216
1244 Geofysisk institutt	-549		-549
124410 Bjerknes-UiB	1 081		1 081
1250 Institutt for geovitenskap	-1 124		-1 124
1260 Institutt for biologi	-3 854		-3 854
1280 Senter for geobiologi	2 610		2 610
1290 Senter for klimadynamikk	458		458
1292 Nifes	-57	57	0
<b>Totalt</b>	<b>-9 559</b>	<b>0</b>	<b>-9 559</b>

*Inntekt med minus framfor beløpet*

*\* Saldo Fakultetsadministrasjon og NIFES overføres til MN-felles*

Saldoar knytt til fakultetsadministrasjon og Nifes er overført til MN-felles.

Fakultetet overfører 9,6 mill.kr til 2016. Dette utgjer 1,6 % av grunntildelinga til fakultetet, og er 6,3 mill.kr lågare enn overføringa vi tok med oss inn i 2015. Samtidig overfører vi til 2016 forplikingar knytt til eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, utstyrsinvesteringar og andre øyremerka tiltak som langt overgår overføringa.

Tabell 3 gir oversikt over forplikingar som fakultetet overfører til 2016.

**Tabell 3 Forplikingar 2016, lista er ikkje uttømmende (tal i 1000 kr)**

Hovudtiltak	Prosjekt	Institutt	Beløp
SFF Birkelandsenteret	700910	IFT	2 192
SFU BIOCEED	000000	BIO	716
ERC	700910	II	3 119
	700910	IFT	2 999
	700910	GFI	631
	700910	GEO	724
BFS	700910	IFT	409
Bioinformatikk (CBU og Elixir.no)	000000/710005	II	4 880
	700910	II	1 262
Toppfinansiering EU-prosjekt	700910	IFT	437
	700910	GFI	633
	700910	GEO	311
	700910	BIO	785
Vitenskapelig utstyr	720009	IFT	1 542
	720009/700910	KI	1 361
	720009	GFI	461
	720009	GEO	600
	720009	BIO	767
Etter- og vidareutdanning	700117	MI	269
	700117	II	285
	700117	IFT	272
Likestillingsmidlar	700028	MI	167
	700028	II	73
	700028	KI	309
	700028/700910	MBI	263
	700028/700910	GFI	478
	700028/700910	GEO	525
Diverse:			
Konferanser der sponing og innbetaling har starta	000000	IFT	374
Simula@uib.no	000000	II	470
Lisensinntekter BTO	000000	BIO	1 464
Science City Bergen	700286	MN-felles	1 198
			<b>29 976</b>

Universitetsstyret skal handsame overføringa til fakulteta i møte 11.2.2016. Under føresetnad om at universitetsstyret ikkje avkortar fakultetet si overføring på 9,6 millionar kroner, foreslår fakultetsdirektøren å overføre over- og underskot uavkorta til institutta.

## 2.1 Kommenterar til overføring per avdeling/institutt

Nedanfor fylgjer korte kommenterar pr. institutt. Overføringar ved institutta må sjåast i samanheng med eventuelle forplikingar i tabell 3 over.

### MN-felles

For å spreie effekten av resultatnedgangen i 2014 over fleire år fordelte fakultetet i 2014 meir inntekter til institutta enn inntektene frå universitetsstyret tilsa. Dette var ein bevisst strategi, men underskotet på MN-felles skulle sjåast som temporær og det skulle vere ein prioritet å komme i balanse.

I løpet av 2015 er MN-felles, inkl. fakultetsadministrasjonen og NIFES, sitt underskot blitt redusert og det vert overført eit underskot på 4,5 millionar kroner til 2016. Samtidig har fakultetet forplikingar frå 2015 som må overførast til 2016 på ca. 1,6 millionar kroner. Den største forplikinga er knytt til Science City Bergen og er på 1,2 mill.kr.

### **Matematisk institutt (MI)**

Matematisk institutt har eit akkumulert underforbruk på ca. 0,5 millionar kroner i 2015.

Samtidig har instituttet forplikingar frå 2015 knytt til mellom anna etter- og vidareutdanning og likestillingsmidlar.

### **Institutt for informatikk (II)**

Institutt for informatikk, inkl. CBU, har eit akkumulert underforbruk på ca. 10 millionar kroner i 2015.

Samtidig har instituttet forplikingar frå 2015 knytt til mellom anna CBU og Elixir.no, eigenandelar ERC, Simula@uib.no, samt likestilling og etter og vidareutdanning.

### **Institutt for fysikk og teknologi (IFT)**

Institutt for fysikk og teknologi har eit akkumulert underforbruk på ca. 8,4 millionar kroner i 2015.

Samtidig har instituttet forplikingar frå 2015 knytt til mellom anna eigenandelar ERC, SFF og BFS, samt utstyrsinvesteringar, toppfinansiering og etter og vidareutdanning.

### **Kjemisk institutt (KI)**

Kjemisk institutt, inkl. CIPR-UiB, har eit akkumulert overforbruk på ca. 2,9 millionar kroner i 2015.

Samtidig har instituttet forplikingar frå 2015 knytt til utstyrsinvesteringar og likestilling.

### **Molekylærbiologisk institutt (MBI)**

Molekylærbiologisk institutt har eit akkumulert overforbruk på ca. 3,2 millionar kroner i 2015.

Samtidig har instituttet forplikingar frå 2015 knytt til likestillingsmidlar.

### **Geofysisk institutt (GFI)**

Geofysisk institutt, inkl. Bjerknnes-UiB, har eit akkumulert overforbruk på ca. 0,5 millionar kroner i 2015.

Samtidig har instituttet forplikingar frå 2015 knytt til toppfinansiering til EU-prosjekt og eigenandelar ERC, vitenskapelig utstyr og likestillingsmidlar.

### **Institutt for geovitenskap (GEO)**

Institutt for geovitenskap har eit akkumulert underforbruk på ca. 1,1 millionar kroner i 2015.

Samtidig har instituttet forplikingar frå 2015 knytt til toppfinansiering til EU-prosjekt og eigenandelar ERC, vitenskapelig utstyr og likestillingsmidlar.

### **Institutt for biologi (BIO)**

Institutt for biologi har eit akkumulert underforbruk på ca. 3,9 millionar kroner i 2015.

Samtidig har instituttet forplikingar frå 2015 knytt til mellom anna lisensinntekter, toppfinansiering til EU-prosjekt, utstyrsinvesteringar og SFU.

### **Senter for geobiologi (CGB)**

Senter for geobiologi har eit akkumulert overforbruk på grunnbevilgningen (eigenandel) på 2,6 millionar kroner i 2015, samtidig som det er overforbruk på tildelinga frå NFR.

Dette har vore handsama i styret for senteret ved fleire anledningar, seinast i november 2015, og det er lagt ein plan for å redusere aktiviteten slik at det totale overforbruket vert dekkja inn før prosjektet vert avslutta i 2017.



### 3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 4 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet i 2015 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	Prognose 2015	Årsbudsjett 2015	Rekneskap 2015	Avvik 2015	Avvik %	Rekneskap 2014	Endring fra 2014
<b>Tilskot/innbetalinger</b>							
Norges forskingsråd	-245 000	-230 000	-198 499	-31 501	-13,7 %	-196 422	1,1 %
EU	-35 000	-32 000	-36 289	4 289	13,4 %	-24 966	45,3 %
Andre bidrag	-90 000	-83 000	-106 923	23 923	28,8 %	-99 435	7,5 %
Oppdrag	-6 000	-3 000	-6 165	3 165	105,5 %	-4 689	32,0 %
<b>Sum</b>	<b>-376 000</b>	<b>-348 000</b>	<b>-347 875</b>	<b>-125</b>	<b>0,0 %</b>	<b>-325 492</b>	<b>6,9 %</b>
<b>Aktivitet/kostnader</b>							
Norges forskingsråd	215 000	245 000	213 215	31 785	13,0 %	216 372	-1,5 %
EU	42 500	33 500	41 345	-7 845	-23,4 %	30 674	34,8 %
Andre bidrag*	96 000	96 000	112 075	-16 075	-16,7 %	104 257	7,5 %
Oppdrag	3 500	4 500	2 824	1 676	37,3 %	5 295	-46,7 %
<b>Sum</b>	<b>357 000</b>	<b>379 000</b>	<b>369 459</b>	<b>9 541</b>	<b>2,5 %</b>	<b>356 599</b>	<b>3,6 %</b>
<b>Saldo overført fra forrige år</b>							
Norges forskingsråd	-10 308	-10 308	-10 308	0	0,0 %	-31 231	-67,0 %
EU	-31 055	-31 055	-31 055	0	0,0 %	-35 456	-12,4 %
Andre bidrag	-44 192	-44 192	-44 192	0	0,0 %	-49 277	-10,3 %
Oppdrag	-3 737	-3 737	-3 737	0	0,0 %	-4 364	-14,4 %
<b>Sum</b>	<b>-89 292</b>	<b>-89 292</b>	<b>-89 291</b>	<b>-1</b>	<b>0,0 %</b>	<b>-120 328</b>	<b>-25,8 %</b>
<b>Saldo overført til neste periode</b>							
Norges forskingsråd	40 308	-4 692	-4 408	-284	-6,0 %	11 280	-139,1 %
EU	23 555	29 555	25 998	3 557	12,0 %	29 749	-12,6 %
Andre bidrag	38 192	31 192	39 039	-7 847	-25,2 %	44 455	-12,2 %
Oppdrag	6 237	2 237	7 078	-4 841	-216,4 %	3 237	89,4 %
<b>Sum</b>	<b>108 292</b>	<b>58 292</b>	<b>67 707</b>	<b>-9 415</b>	<b>-16,2 %</b>	<b>89 221</b>	<b>-24,1 %</b>
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

\*Dei største kundane i kategorien Andre bidrag i 2015 var Statoil, Bergen forskningsstiftelse, ESA og Nordforsk.

Fakultetet budsjetterte for 2015 med bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet på 379 millionar kroner og innbetalinger frå eksterne finansieringskjelder på 348 millionar kroner. Årsrekneskapen viser at aktiviteten vart ca. 10 millionar kroner lågare enn budsjettert, medan innbetalingane samla sett vart lik budsjett. Avviket i aktivitet skuldast i stor grad at forseinkingar i innkjøp av nasjonal infrastruktur gjer at NFR-bidragsaktiviteten har vore tydeleg lågare enn budsjettert. Også innbetalingane frå NFR-bidragsaktivitet har vore tydeleg lågare enn budsjettert, men høgare innbetalinger enn budsjettert innanfor dei andre tre finansieringskjeldene gjer at det samla sett ikkje er avvik her.

Forseinking i innkjøp av nasjonal infrastruktur har vore venta frå starten av året, og gjorde at fakultetet meldte om prognosar som var lågare enn budsjett for både aktivitet og innbetalinger. Begge prognosane vart auka utover i året, og siste prognose var at innbetalingane ville verte høgare enn budsjett. Årsrekneskapen viser at innbetalingane vart tydeleg lågare enn siste prognose, hovudsakeleg på grunn av at prognosane var høgare enn faktiske innbetalinger knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur ved Kjemisk institutt og Institutt for geovitenskap. Aktiviteten vart noko høgare enn siste prognose tyda på, mykje på grunn av høgare Annan bidragsaktivitet enn venta mot slutten av året ved Institutt for geovitenskap og fleire andre institutt. Fakultetet har stort fokus på prognosearbeidet og har mellom anna utarbeida malar og rettleiingar som skal betre prognosearbeidet. Variasjonen i prognosar gjennom året er framleis tydeleg større enn ønskeleg og fakultetet vil halde fram arbeidet med å auke kvaliteten på prognosane i 2016.

Samanlikna med 2014 har både aktivitet og innbetalinger auka. Aktivitetsauken er knytt til EU-bidragsaktivitet og Annan bidragsaktivitet. EU-bidragsaktiviteten har auka for kvart år i perioden 2010-2015, og i 2015 hadde fakultetet for fyrste gong over 40 millionar i EU-bidragsaktivitet. Auken i EU-bidragsaktivitet frå 2014 er størst ved Institutt for geovitenskap, der det er tydeleg auke i aktivitet på ERC Ice2ice, men også Institutt for biologi og Institutt for fysikk og teknologi har hatt høgare aktivitet her enn i 2014. Annan bidragsaktivitet har auka mest ved Institutt for fysikk og teknologi, men dei fleste institutta har hatt noko auke her. Institutt for geovitenskap har på si side hatt tydeleg lågare Annan bidragsaktivitet enn i 2014. Innbetalingane har auka innanfor alle dei fire kategoriane av finansieringskjelder, men størst er auken i innbetalinger frå EU-bidragsaktivitet der «prepayment» til nye prosjekt, samt høgare innbetalinger enn venta på fleire prosjekt, gjer at fleire av institutta har hatt tydeleg høgare innbetalinger enn venta.


Overføringane på BOA er redusert med i overkant av 21 millionar kroner i 2015 frå ca. 89 millionar kroner i inngåande balanse til ca. 68 millionar kroner i utgåande balanse.

**Tabell 5 BOA-aktivitet per institutt i 2015 (tal i 1000 kr)**

Finansieringskilde	MN-felles*	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	9	602	0	148	-1	48	2 018	0	2 824
2. NFR - bidragsaktivitet	0	11 896	12 243	44 396	11 492	6 318	26 116	57 775	41 022	1 957	213 215
3. EU - bidragsaktivitet	0	325	5 898	5 726	1 028	-427	7 035	11 898	9 861	0	41 345
4. Annen bidragsaktivitet	4 548	6 375	6 463	20 510	3 028	7 557	10 451	38 129	15 014	0	112 075
<b>Sum</b>	<b>4 548</b>	<b>18 597</b>	<b>24 613</b>	<b>71 234</b>	<b>15 548</b>	<b>13 596</b>	<b>43 601</b>	<b>107 851</b>	<b>67 915</b>	<b>1 957</b>	<b>369 459</b>
Prosent av samla BOA	1,2 %	5,0 %	6,7 %	19,3 %	4,2 %	3,7 %	11,8 %	29,2 %	18,4 %	0,5 %	100,0 %

\*Aktivitet på fakultetsadministrasjonen er inkludert i MN-felles.

**Figur 6 BOA-aktivitet per institutt i 2015 (tal i 1000 kr)**



Tabell 5 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt for 2015. Samla aktivitet, NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet var alle størst ved Institutt for geovitenskap, medan oppdragsaktiviteten var størst ved Institutt for biologi. Medrekna aktiviteten knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur har Institutt for geovitenskap hatt rekordhøg BOA-aktivitet i 2015, på over 100 millionar kroner.

Tabell 5 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for biologi har også hatt stor BOA-aktivitet, og desse tre institutta stod i 2015 for 66,9 % av samla aktivitet ved fakultetet.

#### 4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD overførte 16,8 millionar kroner frå 2014, og meldte ved starten av 2015 at styret for senteret hadde godkjent auka forbruk i 2015 og 2016 med formål om å byggje ned overføringane. SKD budsjetterte med ei overføring til 2016 på 6,3 millionar, og ville då hatt eit negativt driftsresultat på 10,5 mill.kr.

Grunna forseinka tilsettingar meldte SKD i april inn ein prognose for overføring på 7,5 millionar kroner. Prognosen vart med same grunngeving auka til 8,8 mill.kr pr. august og 9,5 mill.kr pr. november.

Overføringa til SKD enda på ca. 11 millionar kroner. Overføringa frå 2014 er bygd ned med 5,8 mill.kr i 2015, og vi meiner vi har hatt ein god dialog rundt senteret sin økonomi.

## 5. Vedlegg

### 5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsopdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).

### 5.2 Overføringer pr. institutt frå 2007 fram til 2016 (tal i 1000 kr)

Avdeling	Overføring frå 2007 til 2008	Overføring frå 2008 til 2009	Overføring frå 2009 til 2010	Overføring frå 2010 til 2011	Overføring frå 2011 til 2012	Overføring frå 2012 til 2013	Overføring frå 2013 til 2014	Overføring frå 2014 til 2015 -før justering-	Overføring frå 2014 til 2015 -etter justering-	Overføring frå 2015 til 2016
1200 MN-felles, inkl. fak.adm. og NIFES	16 662	8 960	-4 870	-5 388	-4 812	-5 216	-7 256	8 730	8 730	4 550
1211 Matematisk institutt	-4 023	-568	-4 681	-1 455	-1 212	-1	-194	1 272	449	-530
1212 Institutt for informatikk inkl. CBU	-5 015	-3 579	-4 211	-4 394	-3 637	-6 170	-7 212	-11 634	-10 634	-9 973
1224 Institutt for fysikk og teknologi	-3 386	-4 508	-7 037	-2 626	-618	-109	-3 338	-7 068	-6 068	-8 384
1231 Kjemisk institutt inkl. CIPR-UIB	1 446	1 998	-1 240	-2 956	-1 173	-735	1 137	2 923	1 970	2 940
1232 Molekylærbiologisk institutt	1 146	58	-927	-660	-23	227	-1 863	-1 508	-2 052	3 216
1244 Geofysisk institutt inkl. Bjerknes-UIB	-3 149	-2 991	-4 326	-4 147	-5 025	-6 287	-8 362	-6 844	-5 844	532
1250 Institutt for geovitenskap	-2 165	-3 683	-4 682	-1 092	2 068	67	1 633	-1 396	-2 637	-1 124
1260 Institutt for biologi	4 527	-1 089	-7 648	1 636	3 971	-1 360	-1 187	-844	-2 713	-3 854
1280 Senter for geobiologi	-188	-1 491	1 790	451	-261	-2 318	-1 685	460	460	2 610
1290 Senter for klimadynamikk	0	0	0	0	-8 387	153	153	84	84	458
	<b>5 857</b>	<b>-6 894</b>	<b>-37 833</b>	<b>-20 631</b>	<b>-19 108</b>	<b>-21 749</b>	<b>-28 174</b>	<b>-15 825</b>	<b>-18 255</b>	<b>-9 559</b>

Inntekt med minus framfor beløpet

### 5.3 Overføring til 2016, spesifisert etter prosjekt (tal i 1000 kr)

Sted	Prosjekt	Overføring pr prosjekt	Total overføring
120000 MN-felles	000000 Uspesifisert	3 585	
	700028 Likestillingsarbeid	28	
	700117 Etter- og videreutdanning	-1	
	700267 Teknovest	1	
	700286 Bergen Science City	-1 198	
	700910 Egenfinansiering BOA	-1	
	710005 Strategisk satsning	1	
	710006 Studiekvalitetstiltak	-66	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	1	
	720006 Stipendiater	-5 298	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	2 262	
	720020 Postdoktorer	5 236	4 550
	121100 Matematisk institutt	000000 Uspesifisert	232
700028 Likestillingsarbeid		-167	
700117 Etter- og videreutdanning		-269	
700900 Saldering bidragsprosjekter		-88	
700910 Egenfinansiering BOA		-29	
710006 Studiekvalitetstiltak		-165	
710022 Internasjonalisering		-8	
710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011		-36	-530
121200 Institutt for informatikk	000000 Uspesifisert	-1 014	
	700028 Likestillingsarbeid	-73	
	700117 Etter- og videreutdanning	-282	
	700300 Elixir.no	-28	
	700910 Egenfinansiering BOA	-4 352	
	710022 Internasjonalisering	-25	
121212 CBU	000000 Uspesifisert	-3 517	
	710005 Strategisk satsning	-682	-9 973
122400 Institutt for fysikk og teknologi	000000 Uspesifisert	491	
	700028 Likestillingsarbeid	-54	
	700117 Etter- og videreutdanning	-272	
	700910 Egenfinansiering BOA	-6 732	
	710022 Internasjonalisering	-192	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	-82	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-1 542	
	720010 Undervisningsreformen	-1	
	720011 Økt studentutveksling	-2	
	720012 Progr. for studieveiledere	-1	
	720013 Studenttrafall	-2	
	720028 Talentutviklingsprogrammet unge musikere	5	-8 384
	123100 Kjemisk institutt	000000 Uspesifisert	4 661
700028 Likestillingsarbeid		-309	
700910 Egenfinansiering BOA		-231	
710006 Studiekvalitetstiltak		-161	
710020 Forskerinitierte prosjekter		-135	
710022 Internasjonalisering		-16	
720009 Vit.utstyr/forskn.fond		-684	
700910 Egenfinansiering BOA		-185	2 940
123200 Molekylærbiologisk institutt	000000 Uspesifisert	3 824	
	700028 Likestillingsarbeid	-149	
	700033 Bruk av resultatmidler	10	
	700910 Egenfinansiering BOA	-465	
	710022 Internasjonalisering	-4	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	-10	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	10	3 216
124400 Geofysisk institutt	000000 Uspesifisert	2 304	
	700028 Likestillingsarbeid	-198	
	700900 Saldering bidragsprosjekter	-27	
	700910 Egenfinansiering BOA	-2 329	
	710005 Strategisk satsning	76	
	710022 Internasjonalisering	42	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	44	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-461	
124410 Bjerknes-UiB	000000 Uspesifisert	23	
	700910 Egenfinansiering BOA	1 058	532
125000 Institutt for geovitenskap	000000 Uspesifisert	459	
	700028 Likestillingsarbeid	377	
	700033 Bruk av resultatmidler	10	
	700910 Egenfinansiering BOA	-775	
	710022 Internasjonalisering	1	
	710028 Små driftsmidler bevilget f.o.m 2011	-5	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-1 191	-1 124
126000 Institutt for biologi	000000 Uspesifisert	-1 488	
	700028 Likestillingsarbeid	-881	
	700910 Egenfinansiering BOA	-941	
	720009 Vit.utstyr/forskn.fond	-544	-3 854
128000 Senter for geobiologi	000000 Uspesifisert	172	
	700910 Egenfinansiering BOA	2 438	2 610
129000 Senter for klimadynamikk	000000 Uspesifisert	458	458
<b>Totalt</b>		<b>-9 559</b>	<b>-9 559</b>

Inntekt med minus framfor beløpet